

Saksnr. 202320330: RøldalSuldal – Opprusting og Utvidelse av kraftverk.

Vyer:(Det fyrste eg skriv, er ikkje eit forsøk på å vere ironisk, eg meiner det seriøst)

Eg appellerer til regulanten om å bygge eit nasjonalt visningsenter i Røldal, som tar for seg norsk krafthistorie - utvikling - miljøaspekt...

Eit moderne interaktivt visningsenter med film og masse aktivitetar for heile familien. Med modellar og utstilling som viser alle anlegga og tunnellane i området, kor mykje kraftanlegget produserer. Suksesshistorier om korleis regulanten har ført tilbake natur, brukt ny og meir miljøvennleg teknikk og hensyntatt lokalmiljøet. Modell av Valdalen, Ullshelleren, helleristningar, funn og kunnskap om busetnad og drift før i tida..

Her kan ein knytte til seg kompetanse, utdanning, rådgiving, fagsaker, kurs og konferansar. (Jamfør Norsk Oljemuseum i Stavanger og Norsk villreinsenter på Skinnarbu)

Visningssenteret kan for eksempel driftast i lag med NVE, samlokalisert med anna viktig og interessant funksjon i bygda. Det vil skape arbeidsplassar og vil bli ein suksessfaktor. Vinn, vinn for Hydro Lyse, NVE, Røldal og samarbeidet dei i mellom.

For slik det er no i bygda har demokratiet i Røldal sagt nei. Avstemming organiser av Røldal bygdelag for alle over 16 år viste at denne regulanten er ikkje velkommen til å utvide verksemda si. Innbyggjarane har fått nok av ulempene og å stå med lua i handa når ein søker samarbeid, økonomisk støtte eller påpeiker ulepper reguleringa har ført med seg

Hydro Lyse framstår i dag dessverre som einsidig opptatt av si inntening, og viser ikkje interesse for miljø eller sikkerhet, sjølv om dei henter enorme rikdomar ut av Røldal sine statsalmenningar og private eigedomar.

Regulanten er svært god til å fraskrive seg økonomisk ansvar, det samme med ansvar for natur, landskap, miljø, sikkerhet eller ferdsel på område dei heilt klart burde tatt ansvar

Søknaden regulanten har sendt NVE om å bygge ut/ om til effektkøyring, viser akkurat det eg nemner:

- *“Samlet sett vil den omsøkte løsningen i tillegg gi brutto ca. 800 GWh økt årlig kraftproduksjon.”* Det stemmer vel ikkje? Det kan bli eit netto tap som kan kome opp i 200 GWh/år.

Men kraftgiganten vil tene på effektkøyring. Dei kan pumpe eller halde igjen vatn når låg pris og produsere på høg pris. Ålmenne interesser må ta kostnaden

- Lyse meiner oppgraderingen kan gjøres med begrensede miljøkonsekvenser. ([Lyse 09.10.24](#))

“...den største vannkraftoppgraderingen på 40 år. “

“Utbyggingene skjer i stor grad inne i fjellet så det utbyggingen er med begrensede konsekvenser for natur og miljø, sier Eimund Nygaard, konsernsjef i Lyse”
“Kostnadsramme 7-8 milliarder kroner.”

Den største “oppgraderinga” på 40 år, her i eit av dei mest utbygde distrikta i Norge. Likevel har ikkje regulanten satt av ei krone av 8 milliarder til å imøtekommelokalbefolkninga sine krav basert på ulemper, eller til direkte miljøførebetrrande tiltak. All innvestering skal brukast til å betre regulanten si inntening.

Begrensede konsekvenser for natur og miljø?

Raskare og større endringar i vannstand, meir erosjon, negative miljømessige konsekvensar, større geologiske utfordringar, manglande islegging, større utfordringar med ferdsel på islagt vatn, endring i lokalt klima, auka frostrøyk, meir erosjon i reguleringssona, auka rasfare, større og oftare endringar i magasinnivå, meir vatn i Valldsmagasinet om vinteren, inntil 4 meter endring av nivået i Votnamagasinet i døgnet, inntil 2 meter i Valldsmagasinet og inntil 0,75 meter i døgnet i Røldalsvatnet. Nye deponi, nye vegar, større inngrep i folk sin kvar dag og fritid, dårligare levekår for fisk og reinsdyr. Økonomisk tap for kommunen.

Skiløyper som vert livsfarlege og må leggast ned, (Eg reknar med at Røldal idrettslag har protestert mot endringar i Votnamagasinet, sidan idrettslaget før påske ofte har køyrd opp løype med tråkkemasin på denne unike skituren rundt Fjetlandsnuten, der ein går ca 1/3 i oppoverbakke og løyper ned ca ⅔ av turen)

Og ikkje minst vil ei ombygging/ nybygging bli så dominerenda at det vil setje eit endeleg punktum for all anna næringsutvikling

Eg skjøner at konsekvensene slår meir eller mindre ut, avhengig av kva for vatn og område det er snakk om. Men pga avstand til befolkingskonsentrasjon og sentrumsnær plassering, allmenn bruk og stor belastning pr i dag, er **Røldalsvatnet, Valdalsvatnet og til dels Votna lite eigna til effektkøyring og pumping**. Det er feil å vurdera konsekvensene ut frå notida. Tida før utbygging på 60 talet må gjelda som samanlikningspunkt og ein må vurdera sumverknadene

“Begrensede konsekvenser for natur og miljø” blir for meg *Fantasy på nivå med Harry Potter*. Det førekjem i Hydro Lyse sin fiktive verden, ikkje i den parallelle verkelege verdenen der eg bur.

Eg er prinsipielt for vannkraftutbygging. Tanken på å omgjere ein gratis fornybar ressurs til energi er fantastisk. Eg godtek og at då må noko ofrast. Men her er det ute av kontroll. Eg kjøper ikkje regulanten sitt prat om *det grøne skiftet* når landskap, kultur, miljø, dyr og folk skal ofrast. Derfor stemde også eg NEI.

Ved ei eventuell ombygging: meiner eg at overskudd av **tunellmassar må i fyrste omgang brukast til å rette opp problemområda**: Tenker spesielt på veg og god tilkoms til Valdalen, men og tilkomst for å kome ut med båt i alle regulerte vatn og tilrettelagte parkeringsplassar der det manglar. Massane kan vidare brukast til å betre anna infrastruktur langs dei regulerte vatna (td vegen mellom Røldal og Botnen) Etter at dette er på plass kan overskuddsmassar gå til andre prosjekt som bygda treng og ynskjer. Eg er ikkje for dumping på eit område som er valt fyrst og fremst fordi det er billig og enkel transport for regulanten. Miljøhensyn må styre kor deponia skal vere.

Til slutt vil eg oppmode NVE til å ikkje la dette bli ein liknande sak som i Bremanger, Øksnelvane. Der brukte NVE 299 dagar på å vedta at nytt kraftverk ikkje er konsesjonspliktig.

Bruk heller anledninga til å få på plass nye konsesjonar, så ein kan forhandle nye gode framtidsretta, evigvarande kontraktar som kan reparere ulemper og tidlegare miljøsynder. Avtalar som gagnar fleire enn regulanten. Det gamle anlegget treng ei ombygging til noko betre for alle innvolverte.

Dette må utredast ii samarbeid med ulike fagmiljø, der ikkje H-Lyse er oppdragsgivars.

I tillegg må det vere ei meir rettferdig fordeling av utbyttet. Kommunane må vere sjølvsagte på eigarsida

Mvh Åse Mathisen Rabbe
Røldal 10.10.24